



Truleg blir det bustad på den gamle løemuren på Sanden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Rådmannen går inn for at forvaltningskomiteen i møtet 27. januar skal gje dispensasjon slik at Endre Nilsen Neset kan søkja om bruksendring frå løe til bustadhus på Sanden.**

**Han ynskjer å nytta den gamle gråsteinsmuren til løa som er frå midten av 1800-talet og huset skal ha same storleik som løa har i dag.**

Det er eit vilkår at veg-, vass- og avløpsordning blir utgreidd, seinast i samband med byggjesøknad. Eit anna vilkår er at bygget blir lagt til rette slik at utsjånad, fargeval og takstein blir tilpassa det som er tradisjonelt i nærmiljøet. Før tiltaket kan igangsetjast må det vera omsøkt og gjeve løyve etter plan- og bygningslova.

Administrasjonen i kommunen peikar på at eigedomen, som grensar til kyrkjegarden, er regulert til forretning og såleis allereie lagt ut til byggjeland. Administrasjonen kan ikkje sjå at tiltaket er i særlegkonflikt med kommuneplanen og reguleringsplanen eller med kyrkje og kyrkjegard. Biskopen har godkjent dispensasjon frå kyrkelova. Bygget vert ikkje større enn i dag og vert ståande på eksisterande løemur.

I utgangspunktet er det ikkje ynskjeleg å føre opp bygg nærare kyrkje enn 60 meter, men kring Uskedalen kyrkje ligg det forretning, fritidsbygg, restaurant, bustader, campingplass og båthamn. Kyrkja ligg midt i sentrum og her er til tider eit yrande liv kring kyrkjegarden. Denne omdisponeringa har små konsekvensar i så måte, påpeikar administrasjonen, som meiner det er ei overvekt av grunnar for å gje dispensasjon.

Av Ola Matti Mathisen